

Møteinkalling

Utval:	Fylkeseldrerådet i Hordaland
Møtestad:	Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5, Bergen
Dato:	07.11.2019
Tid:	09:30

Program

09:30 – 10:30 Sakshandsaming
10:30 – 10:45 Pause
10:45 – 12:00 Sakshandsaming
12:00 – 12:30 Lunsj
12:30 – Sakshandsaming til møtet kan avsluttast

Dersom nokon av utvalet sine medlemer ikkje kan møta og må meldा forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Fylkeseldrerådet i Hordaland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Gunda Falao Sparre
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 74/19	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 75/19	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 76/19	Godkjenning av sakliste		
PS 77/19	Referatsak (meldingar)		
RS 26/19	Svar på brev: Pensionistforbundet Hordaland ynskjer informasjon frå fylkeseldrerådet Hordaland	2018/16480	
RS 27/19	Uttale frå fylkeseldrerådet om KS sitt nettverk for aldersvennlege samfunn	2018/16480	
RS 28/19	Innspel til budsjettet 2020 for Vestland fylkeseldreråd	2018/16480	
RS 29/19	Vegleiar for eldreråd	2018/16480	
RS 30/19	Val av medlemar til fylkeseldrerådet i Vestland	2018/16480	
PS 78/19	Ymse		
PS 79/19	Høyringssvar - forslag om endringar i forskrift om ein verdig eldreomsorg - sambuargaranti	2018/16480	
PS 80/19	Høyringssvar - Lov om Eldreombodet	2018/16480	
PS 81/19	Høyringssvar - NOU 2019: 14 Tvangsavgrensingsloven	2018/16480	
PS 82/19	Evaluering av Haustkonferansen 2019	2018/16480	
PS 83/19	Årsmelding 2019 for fylkeseldrerådet i Hordaland, 2. utkast	2018/16480	
PS 84/19	Forskningsprosjekt om aldersvennlege omgjevnadar - invitasjon til open dag	2018/16480	
PS 85/19	Invitasjon til innlegg på regional samling for utviklingssentera i vest	2018/16480	
PS 86/19	Leve heile livet-konferansen i Bergen	2018/16480	
PS 87/19	Svar frå Haraldsplass DS om nattransport av eldre frå sjukehus til kommune	2018/16480	

PS 74/19 Godkjenning av møteinnkalling

PS 75/19 Godkjenning av møtebok forrige møte

PS 76/19 Godkjenning av sakliste

PS 77/19 Referatsak (meldingar)



PENSJONISTFORBUNDET HORDALAND
Rasmus Meyers allé 5
5015 BERGEN

Dato: 18.09.2019
Vår ref.: 2018/16480-135
Saksbehandlar: marsolh
Dykkar ref.:

Pensjonistforbundet Hordaland ynskjer informasjon frå fylkeseldrerådet Hordaland

Det vert vist til udatert brev frå Pensjonistforbundet i Hordaland der ein ber om informasjon om fylkeseldrerådet sitt arbeid med reforma «Leve hele livet». Brevet vart lagt fram for rådet i møte 05.09.19, under RS 20/19, som i møtet vart endra til PS 71/19.

Om informasjon om saker i fylkeseldrerådet

Etterspurd informasjon ligg på nettsidene til Hordaland fylkeskommune, hfk.no. Sakspapir og protokoll frå alle møte finn ein under overskrifta TENESTEOMRÅDE og vignettane politikk, saksgang og politiske møte, møte og saksdokument (e-innsyn). Ein vil då vidare koma til ei alfabetisk liste over alle utval med oversikt over møtedataar for året. Ved å klikka på aktuell dato, vil ein få fram sakliste og protokoll.

Tidlegare informasjon til Pensjonistforbundet

Pensjonistforbundet har allereie fått den etterspurde informasjonen direkte frå fylkeseldrådet. Blant anna har Pensjonistforbundet fått kopi av felles brev til eldreråda frå fylkeseldråda i Hordaland og Sogn og Fjordane, der eldreråda blir oppfordra til å engasjera seg i reforma «Leve hele livet.»

I tillegg har helsepolitisk leiar i Pensjonistforbundet i Hordaland fått tilsendt all informasjon som rådsmedlemmene har motteke i prosessen om reforma.

«Leve hele livet»

Det er fylkesmannen i Vestland som har ansvaret for arbeidet med reforma «Leve hele livet».

Pensjonistforbundet må difor venda seg til fylkesmannen. Fylkeseldrerådet i Hordaland er ikkje involvert på annan måte enn at rådet er representert i ei arbeidsgruppe under fylkesmannen, på lik line med mange andre.

Gunda Falao Sparre
leiar

Fylkeseldrerådet i Hordaland



Notat

Dato: 10.09.2019

Arkivsak: 2018/16480-129

Saksbehandlar: marsolh

Til: Fylkesrådmannen

Frå: Fylkeseldrerådet

Uttale frå fylkeseldrerådet om KS sitt nettverk for aldersvennlege samfunn

I møte 05.09.19 vart fylkeseldrerådet gjort kjend med at Hordaland fylkeskommune ikkje har teke i mot invitasjon frå KS om å søke om deltaking i KS sitt nettverk for aldersvennlege samfunn, samt grunngjevinga for dette. Saka vart i møtet handsama under RS 24/19, som i møtet vart omgjort til PS 73/19.

Fylkeseldrerådet gjorde følgjande samrøystes vedtak i saka:

«Fylkeseldrerådet reagerer på at ikkje saka er lagt fram for rådet til uttale, og at ein ser på dette som eit brot på gjeldande lov om at fylkeseldrerådet skal høyrast i alle saker som omhandlar eldre.»

Med venleg helsing

Gunda Falao Sparre
Leiar, fylkeseldrerådet i Hordaland



Notat

Dato: 10.09.2019

Arkivsak: 2018/16480-128

Saksbehandlar: marsolh

Til: Budsjettseksjonen - Øk - og org avd

Frå: Fylkeseldrerådet

Innspel til budsjettet 2020 for Vestland fylkeseldreråd

Fylkeseldrerådet handsama i møte 05.09.19, i PS 64/2019, innspel til budsjett for Vestland fylkeseldreråd.

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at fylkeseldrerådet i Vestland for 2020 må ha eit budsjett på kr. 700.000 (sjuhundretusen).

Grunngjeving

Budsjettet 2019 for dei to tidlegare fylkeseldreråda

Budsjettet for Hordaland fylkeseldreråd var i 2019 kr. 500.000, og for Sogn og Fjordane kr. 165.000.

Budsjettet for Sogn og Fjordane har vore knapt, slik at det ikkje alltid har vore mogleg å halda seg innanfor budsjettet. Budsjettet for Vestland fylkeseldreråd bør difor, etter Hordaland fylkeseldreråd si meining, aukast meir enn samla budsjettsum i 2019 for begge råda.

Møtefrekvens og møtestad

Hordaland fylkeseldreråd meiner at talet på møte bør vera 6 møte i året, 3 om våren og 3 om hausten, og med høve til ekstra møte ved behov.

Fordi året 2020 vil bli det første året i ny periode, og med fleire nye medlemmar frå to samanslårte fylke, bør møta ikkje vera videomøte, men fysiske møte der medlemmane også kan treffast uformelt i ein lunsjpause, og såleis kan bli godt kjende med kvarandre.

Reiseutgifter

Det vil vera naturleg at dei fysiske møta går føre seg dels i tidlegare Hordaland og dels i tidlegare Sogn og Fjordane. Dette vil føra med seg auka reiseutgifter på grunn av at avstandane blir større enn før.

Aktivitet

Fylkeseldrerådet for Vestland bør følgja opp den aktiviteten som både Hordaland fylkeseldreråd og fylkeseldrerådet for Sogn og Fjordane har hatt:

- *Deltaking på konferansar for fylkeseldreråd*

- Årleg 3-dagars konferanse for alle fylkeseldreråd i Noreg. Konferansen 2020 vil bli arrangert av Agder fylkeseldreråd.
- Årleg 2-dagars konferanse for vestlandsfylka. Konferansen i 2020 vil bli arrangert av Rogaland fylkeseldreråd.

- *Arrangera årleg konferanse for dei kommunale eldreråda i Vestland fylke.* Hordaland fylkeseldreråd har årleg arrangert ein slik konferanse der innhaldet har vore informasjon om kva som går føre seg på eldrefeltet og foredrag med aktuelle tema. Denne årlege konferansen er populær og etterspurd. Sogn og Fjordane har arrangert liknande konferansar.

Arbeidsutval (AU)

Hordaland fylkeseldreråd har hatt eit arbeidsutval med leiar og nestleiar som saman med sekretæren har førebudd møta i rådet. Medlemmane i AU har fått dekt tapt arbeidsforteneste og reiseutgifter. Det vil vera naturleg at Vestland fylkeseldreråd også har eit AU.

Fylkeseldrerådet i Hordaland vonar at budsjettet for Vestland fylkeseldreråd blir kr. 700.000, slik rådet føreslår.

Med venleg helsing

Gunda Falao Sparre
leiar, fylkeseldrerådet i Hordaland

KOPI: Fylkeseldrerådet i Sogn og Fjordane



Notat

Dato: 09.10.2019

Arkivsak: 2018/16480-145

Saksbehandlar: marsolh

Til: Fylkeseldrerådet

Frå: Fylkesrådmannen

Vegleiari for eldreråd

Kommunal- og moderniseringsdepartementet, i samarbeid med fleire, har laga ein vegleiari for eldreråd. Vegleiaren gjer god oversikt over reglane for rådet, og dessutan kva plikter kommunen har.

Vegleiaren er tilgjengeleg på regjeringa sine [nettsider](#) (direktelenkje).



Notat

Dato: 21.10.2019

Arkivsak: 2018/16480-148

Saksbehandlar: marsolh

Til: Fylkeseldrerådet

Frå: Fylkesrådmannen

Val av medlemmar til fylkeseldrerådet i Vestland

Under det [konstituerande fylkestinget for Vestland fylkeskommune](#), 15. og 16. oktober 2019, gjorde fylkestinget følgjande val til fylkeseldrerådet i Vestland:

Faste medlemmar

Kurt Johnny Hæggernæs, Pp
Kristina Vaktskjold Hamre, KrF
Kristoffer Skjolden, Luster
Gunvor Riim Opdal, Pensjonistforbundet
Kjellbjørg Lunde, LOP
Martin Monrad Reigstad, Pensjonistforbundet
Vigdis Ramnøy, Pensjonistforbundet
Harald Ekroll, Postpensjonistane S&F
Berit Knutsen Larsen, Fjell eldreråd

Personlege varamedlemmar

Kirsten Lunde Juvik, FNB
Henrik Oppen, A
Aud Karin Neteland, Utdanningsforbundet S&F
Sofrid Fossberg, Pensjonistforbundet
Odd Himle, Senior Norge
Inger Margrethe Lingjerde, Pensjonistforbundet
Sigrun Marit Hansen, Pensjonistforbundet
Arne Rognaldsen, Postpensjonistane S&F
Bjørn Sivertsen, Os Pensjonistforening

PS 78/19 Ymse



Arkivnr: 2018/16480-137

Saksbehandlar: Marielle Solheim

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	79/19	07.11.2019

Høyringssvar - forslag om endringar i forskrift om ein verdig eldreomsorg - sambuargaranti

Samandrag

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt på høyring forslag om å forskriftsfeste sambuargaranti. Høyringa er tilgjengeleg på [regjeringa sine nettsider](#) (direktelenkje), og høringsfristen er 29.11.19.

I møtet 05.09.19, under PS 69/19, vedtok fylkeseldrerådet følgjande: «AU utarbeidar forslag som behandlast i møtet 07.11.19.»

AU sitt forslag til høyringssvar ligg vedlagt.

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek høyringssvaret slik det ligg føre.

Bertil Søfteland
leiar, fylkessekretariatet

Marielle Solheim
administrativ sekretær

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Høyringssvar – forslag om endringar i forskrift om ein verdig eldreomsorg – sambuargaranti

Fylkeseldrerådet i Hordaland handsama høyringsnotatet i møte 7. november 2019, under PS XX/19.

Positivt tiltak, men ikkje utan problem for den som nyttar seg av garantien.

Fylkeseldrerådet ser positivt på intensjonen i forslaget om å utvida forskrifta med ein sambuargaranti, slik at det i alle kommunar blir høve til at ein ektefelle eller sambuar, som sjølv ønskjer det, kan bu saman med partnaren på sjukeheim eller i omsorgsbustad når den eine av helsemessige årsaker blir bebuar der. Notatet gir gode skildringar av korleis det kan kjennast å bli «skild» i alderdomen fordi den eine parten er blitt så hjelpetrengjande at den beste staden å bu siste del av livet, er på ein sjukeheim/i ein omsorgsbustad. I høyringsnotatet vert det i kapitel 4 nemnt at i dei kommunane som i dag har ordning med sambuargaranti, så er ordninga lite etterspurd. Fylkeseldrerådet vil peika på problematiske sider ved å nyta seg av garantien, sider som kan forklara kvifor ordninga er lite etterspurd der tilbodet finst i dag.

Problem ved å nyttar seg av garantien.

Auka kostnader for sambuaren

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner det kan vera gode grunnar til at ordninga vert lite nyttar. I kapitel 5 om administrative og økonomiske konsekvensar for kommunen, peikar notatet indirekte sjølv på slike grunnar når det vert forklart kvifor ein garanti ikkje treng å verta fordyrande for kommunen. Blant anna seier notatet at en frisk person vil krevja lite ut over kost, men at ein person med bistandsbehov som kan verta dekte med heimetenester, vil få ei dyrare teneste dersom vedkommande blir sambuar med partnaren på sjukeheimen/ omsorgsbustaden. Satsen for sjukeheimspllass er, som kjent, sett i høve til den inntekta bebuaren har, og satsen er høg. Den partnaren som vel å bli sambuar på sjukeheimen, kan difor i realiteten måtta finansiera sambuarskapen ved å selja den tidlegare felles bustaden. Men det vil vera å leva utrygt.

Utryggleik for sambuaren

Det kan vera risikabelt og utrygt å vera den parten som vel å bli sambuar med den hjelpetrengjande på sjukeheimen/ i omsorgsbustaden. I kapitel 5 i høyringsnotatet blir det peikt på at sambuaren ikkje har krav på sjølv å få tildelt plass på sjukeheimen når partnaren fell bort fordi plassar blir tildelt etter nøyre vurdering av behov. Blir ikkje den etterlatne sambuaren vurdert å ha behov, så må ho eller han flytta ut. Er då den tidlegare felles bustaden avhenda, så får den som lever att, eit problem.

Frykt/ fare for å bli utnytta

I kapitel 2 i høyringsnotatet handlar nest siste avsnitt om ressursutnytting ved å leggja til rette for «å bygge bro mellom pårørendeomsorgen og den offentlige helsetjenesten.» for å oppnå ein betre samla ressursutnytting. Det kan vera grunn til å tru at den hittil låge etterspurnaden om å få vera sambuar på sjukeheimen/ i omsorgsbustaden, i tillegg til skepsis av økonomiske grunnar, også kan forklarast med frykt for å verta (ut)nytta som «pleieassistent».

Krav om informasjon; Informasjon er naudsynt

For å gjera eit fornuftig og framsynt val når det gjeld eventuelt sambuarskap på sjukeheimen, treng den som skal velja, relevante opplysningar om kva eit slikt val inneber. Høyringsnotatet seier ikkje noko om at ein sambuargaranti må innehalda krav om grundig informasjon om kva sambuarskapen vil kunna medføra av konsekvensar for den som vel denne løysinga. Det vil trengst informasjon både om økonomi, framtidig bustad når partnaren fell bort og kva for ein innsats som vert forventa av sambuaren når ho eller han flytta inn til partnaren på sjukeheimen/ i omsorgsbustaden.

Slik informasjon må koma fram både i skriftleg form på papir og liggja på kommunen si nettside.

Konklusjon

Fylkeseldrerådet i Hordaland støttar den endringa som er føreslått i forskrift 12. november 2010 nr.1426 om ein verdig eldreomsorg. Endringa sikrar at den overordna haldninga skal vera at *dersom ein ønskjer det*, så skal ein vera garantert å kunna bu saman med partnaren på sjukeheimen/ i omsorgsbustaden. Fylkeseldrerådet føreslår at det i forskriften vert stilt krav om at det i samband med garantien om sambuarskap, må liggja føre informasjon, på papir og nett, om kva konsekvensar sambuarskap på sjukeheimen kan medføra.

Fylkeseldrerådet i Hordaland
Gunda Falao Sparre
leiar



Arkivnr: 2018/16480-138

Saksbehandlar: Marielle Solheim

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	80/19	07.11.2019

Høyringssvar - lov om Eldreombodet

Samandrag

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt på høyring forslag om lov om Eldreombodet, og følger med det opp punktet i Granavolden-plattforma om at regjeringa ynskjer å opprette eit eige eldreombod etter modell av Barneombodet.

Høyringa er tilgjengeleg på [regjeringa sine nettsider](#) (direktelenke), og høyringsfristen er 06.12.19.

AU har utarbeida forslag til høyringssvar, og de finn dette vedlagt.

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek høyringssvaret slik det ligg føre.

Bertil Søfteland
leiar, fylkessekretariatet

Marielle Solheim
administrativ sekretær

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Høyringssvar – lov om Eldreombodet

Fylkeseldrerådet i Hordaland handsama forslag om lov om Eldreombodet i møte 7. november 2019, under PS XX/19.

Fylkeseldrerådet i Hordaland støttar at det vert oppretta eit ombod for eldre; Eldreombodet, etter mønster frå Barneombodet.

Likeins støttar rådet at Eldreombodet med sekretariat vert plassert i Ålesund og at det vert lokalisert saman med Rådet for eit aldersvenleg Noreg. Fylkeseldrerådet i Hordaland har i tidlegare høyringar gitt uttrykk for at plassering av nye forvaltningsorgan bør skje utanfor hovudstaden. Rådet er difor nøgd med at Eldreombodet med sekretariat skal liggja i Ålesund og at det vert lokalisert saman med sekretariatet for Rådet for eit aldersvenleg Noreg.

Fylkeseldrerådet har bygd høyringssvaret sitt opp på følgjande måte: innspel til spørsmål som er reist i høyringsnotatet, synspunkt på kva som skal til for at verksemda Eldreombodet skal bli vellukka, kommentararar til dei enkelte paragrafane i lovforslaget, og med forslag om å føya til eit setningsledd i § 7. Til slutt vert det uttrykt ønske om eit godt samarbeid mellom Eldreombodet og eldreråda.

INNSPEL TIL SPØRSMÅL OM UTTALAR, PARTSHJELP OG SØKSMÅL.

Under kapitel 7.2, side 28, blir høyringsinstansane bedne om å gi innspel på om Eldreombodet skal kunna gi uttalar, vera partshjelpar og eventuelt sjølv kunna gå til søksmål.

Uttalar

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at å kunna gjeva uttalar, må vera ein del av oppgåvane til Eldreombodet, slik forslaget til § 5 opnar for. Eldreombodet skal mellom anna vera ein samfunnskritisk røyst når det gjeld tilhøva for dei eldre i Noreg. Å seia meininga si gjennom ein uttale er etter Rådet sitt syn ein måte å oppfylla det samfunnskritiske oppdraget på.

Partshjelp

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at partshjelp må kunna bli gitt på det viset at Eldreombodet kan gi enkeltpersonar eller grupper hjelp til å finna ut kor dei skal kunna venda seg for å få hjelp til å kunna vurdera om dei skal gå vidare i ei sak. Dersom saka er av prinsipiell interesse, bør Eldrerådet sjølv kunna senda ei sak over til ein annan instans. Men partshjelp skal ikkje kunna bli gitt ved å gå inn i enkeltsaker. Ordlyden i § 6 dekkjer såleis Fylkeseldrerådet sitt syn.

Søksmål

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at Eldreombodet sjølv må kunna senda ei sak til påtaleinstans når saka er av stor prinsipiell interesse for eldre som gruppe. Forslag til § 6 opnar for dette.

VIKTIG AT ELDREOMBODET SOM ORGAN LYKKAST – NOKRE FØRESETNADER

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner det er svært viktig at Eldreombodet som organ vert vellukka. Nedanfor vert det peikt på nokre føresetnader for at dét skal kunna skje.

Store nok ressursar

I kapitel 13 i høyringsnotatet blir det peikt på at organisasjonen til Eldreombodet må vera

«tilstrekkelig robust og ha faglig bredde i kompetanse for å sikre at ombudet skal kunne oppfylle formålet om å bidra til å ivareta eldre sine rettigheter på alle samfunnsområder.»

Fylkeseldrerådet i Hordaland er samd i det som vert sagt her, og meiner at dersom dette målet skal verta nådd, så må organisasjonen Eldreombodet få nok ressursar, både i kroner og i tal på tilsette. I kapitel 1.2.3 om økonomisk og administrativ styring, vert det nemnt at sjølv om Eldreombodet skal vera fagleg uavhengig og Departementet ikkje kan gripe inn i verksemda, så er det likevel unnatak når det gjeld «reint økonomiske og administrative saker. I dette ligg det då, etter Fylkeseldrerådet si oppfatning, ei fare for at Departementet/ styresmaktene kan innskrenka eller amputera Eldreombodet si verksemd og sitt handlingsrom gjennom å gi for knappe ressursar gjennom tildelt budsjett og storleiken på organisasjonen, og slik gripa inn i verksemda likevel.

Fylkeselderådet i Hordaland vonar at Eldreombodet får ein god start når det gjeld tilgang på ressursar ved at tildelt budsjett vert stort nok til å dekka både høgt kvalifisert personale (fagfolk og sekretariat) og den naudsynte verksemda retta mot verda utanfor (synleggjering og informasjon) og til fagleg oppdatering mm.

Må tidleg inkluderast i prosessar

Eldreombodet kan påverka på fleire måtar. Det kan til dømes skje gjennom haldningsskapande arbeid, eller gjennom politiske prosessar. *Men for å kunna påverka prosessar, må ein tidleg inn.* Det er difor viktig at Eldreombodet blir trekt tidleg inn i prosessar som gjeld saker innanfor Eldreombodet sitt arbeidsområde, og med det kan verta hørt før det er for seint, slik høringsnotatet gir uttrykk for i kapitel 14, side 43 i merknad til § 3

Personen eldreombodet – viktig for å lukkast

Fordi Eldreombodet er eit nytt forvaltningsorgan, er det spesielt viktig at *den rette personen vert tilsett.* Denne personen må ha både personlegdom, fagbakgrunn og erfaring som gjer at personen blir lytta til og respektert., og at personen eldreombodet ikkje er redd for å vera synleg. Fylkeselderådet sluttar seg til det som vert sagt om dette i kapitel 12.2 i notatet :

«svært viktig å finne en person som er egnet til å ivareta alle funksjonene ombudet skal ha både faglig og gjennom personlighet. Den som utpekes som eldreombud bør være en person med god og relevant kompetanse og gjennomslagskraft til å drive eldreombudets arbeid framover.»

Fylkeselderådet i Hordaland er samd i desse krava til eldreombodet som person. I så måte kan Barneombodet, etter Fylkeselderådet si meining, vera ein god rollemodell.

KOMMENTARAR TIL DEI ENKELTE PARAGRAFANE I LOVFORSLAGET.

§ 1 Formålet

Fylkeselderådet er glad for at det i forslaget til lovtekst i §1 kjem så klårt fram kva formålet med å etablera eit eldreombod skal vera; ikkje berre å fremja samfunnsinteresser og rettar dei eldre har, men også å få fram behov eldre har som medlemmer i det norske samfunnet.

§ 2 Uavhengig forvaltningsorgan

I §2 i lovforslaget vert det tydeleg formulert at Eldreombodet er eit uavhengig organ som ikkje kan instruerast politisk, og at stillinga skal vera ei åremålsstilling på seks år utan høve til ny oppnemning. Fylkeselderådet i Hordaland er samd i dei refleksjonane omkring åremål på 6 år utan ny oppnemning som kjem fram i høringsnotatet (side 37-38).

§ 3 Opgåvane til Eldreombodet

§ 3 tar for seg oppgåvane til Eldreombodet. Fylkeselderådet i Hordaland ser rolla som pådrivar og følgja-med-rolla (lyttestop) som særskilt viktige. Som pådrivar kan ombodet vera med å endra holdningar til eldre i samfunnet, og i rolla som lyttestop kan ombodet på eit tidleg stadium fanga opp korleis samfunnet rundt utviklar seg, politisk, teknologisk og generelt i høve til dei eldre sin situasjon, både på godt og vondt.

I denne samanhengen vil Fylkeselderådet framheva kapitel 2.1 i notatet. Her vert det peikt på at gruppa eldre er ueinsarta, og det vert gjeve ein god gjennomgang av ulikskap og ulike utfordringar ved det å verta gamal, avhengig av den enkelte sin personlege situasjon og bakgrunn.

§4 Handsaming av saker

Paragrafen understrekar at Eldreombodet står fritt til å ta opp saker, også saker andre vender seg til ombodet om. Fylkeselderådet i Hordaland er samd i at ombodet sjølv avgjer om saker skal følgjast opp, og at slik avgjerd ikkje kan klagast på.

§5 Uttalar

Paragrafen gir uttrykk for Fylkeselderådet i Hordaland sitt syn, sjå også side 1 i dette høreringssvaret.

§6 Tilvising

Paragrafen er viktig fordi den gir garanti for at den som har vendt seg til ombodet om ei sak der andre enn Eldreombodet er rette instans, får informasjon om kven som vil vera rett instans. Det har mykje å

seia for korleis Eldreombodet som organisasjon vert oppfatta av publikum at den som «feilaktig» vender seg til Eldreombodet, blir møtt med velvilje og hjelpe vidare. Sjå også side 2 i dette høyringssvaret.

§7 Tilgang til institusjonar og opplysningsplikt

Fylkeseldrerådet i Hordaland sluttar seg til synspunkta som vert gitt i notatet i kapitel 11.2 om personvernet og tilgang på opplysningar.

Når det gjeld tilgang til institusjonar er Rådet samd i at tilgang for Eldreombodet ikkje skal kunna bli nekta.

Når det gjeld enkeltpersonar er Rådet samd i at samtykke skal verta kravd for å kunna få opplysningar om privatpersonar, men at ein i nokre tilfelle kan sjå bort frå at det ikkje ligg føre samtykke.

Fylkeseldrerådet merkar seg at det i notatet likevel blir rådd til at ein utan samtykke ikkje kan gå inn i private heimar, sjølv om den som bur der får heimehjelp (kap. 11.3, s. 36). Det er eit viktig prinsipp at eigen heim skal vera eit freda område for offentlegheita.

Kommentar til siste ledd i § 7 og ei tilråding

Siste ledd i forslag til § 7 lyder slik:

«Eldreombudet skal informere den det gjelder om at opplysninger er innhentet.»

Fylkeseldrerådet merkar seg at det i forslag til lovtekst er utelate følgjande tilføyning, som er brukt i høyringsnotatet på side 35 øvst : «...og på hvilken måte opplysningene behandles.»

Fylkeseldrerådet i Hordaland tilrår at denne tilføyninga vert tatt inn i lovteksta fordi det ikkje berre er viktig å vita at opplysningar er innhenta, men det er like viktig å vita korleis opplysningane vert handsama og brukt.

§ 8. Instruks

I høyringsnotatet blir det forklart at ein instruks ikkje vil gje heimel for å instruera den faglege verksemda. Fylkeseldrerådet er glad for at det ikkje kan bli gitt faglege instruksar.

Eldreombodet og (fylkes)eldreråda

Fylkeseldrerådet i Hordaland merkar seg at det i høyringsnotatet fleire stader vert vist til at oppretting av Rådet for eit aldersvenleg Noreg og Eldreombodet vil føra til at eldreråda i framtida vil verta trekte meir med i arbeidet for dei eldre i Noreg. Fylkeseldrerådet i Hordaland ser fram til at oppretting av Eldreombodet vil gje auka merksemd på utfordringar eldre i Noreg kan møta på.

Fylkeseldrerådet i Hordland
Gunda Falao Sparre
leiar



Arkivnr: 2018/16480-139

Saksbehandlar: Marielle Solheim

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	81/19	07.11.2019

Høyringssvar - NOU 2019: 14 Tvangsavgrensingsloven

Samandrag

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt på høying NOU 2019: 14 Tvangsavgrensingsloven – Forslag til felles reglar om tvang og inngrep utan samtykke i helse- og omsorgstenesta. Høyringa er tilgjengeleg på [regjeringa sine nettsider](#) (direktelenkje), og høringsfristen er 16.12.19.

I møtet 05.09.19, under PS 70/19, vedtok fylkeseldrerådet følgjande: «Fylkeseldrerådet gjer uttale. AU utarbeidar forslag med innspel frå resten av rådet til møtet 07.11.19.»

Det utarbeida forslaget til høyringssvar ligg vedlagt.

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek høyringssvaret slik det ligg føre.

Bertil Søfteland
leiar, fylkessekretariatet

Marielle Solheim
administrativ sekretær

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Høyringssvar til NOU 2019: 14 Tvangsavgrensingsloven

Fylkeseldrerådet i Hordaland har i møte 07.11.19 under sak PS 2019/XX handsama forslaget til ny lov om tvangsavgrensing.

Fylkeseldrerådet i Hordaland sluttar seg til den generelle dissensen frå mindretalet i utvalet. Fylkeseldrerådet er ueinig med fleirtalet i utvalet, som føreslår å oppretthalda ein moglegheit til tvangsmedisinering når det gjeld psykiske lidingar og bruk av elektrosjokk terapi dersom pasienten ikkje har reservert seg.

Pkt 25.6.5.4

Fylkeseldrerådet i Hordaland er samd i mindretalet sitt syn i pkt 25.6.5.4 der mindretalet seier: «Vi oppfatter flertalsforslaget om bruk av elektronisk sjokk uten fritt og eksplisitt samtykke som uakseptabelt». Mindretalet føreslår som alternativ at ein person skal kunna uttrykkja ønske om elektrosjokk i ei førehandserklæring der utgangspunktet er fritt og informert samtykke. Altså på eit tidspunkt der elektrosjokk som behandling ikkje enno føreligg.

Fylkeseldrerådet i Hordaland er generelt for førehandserklæringer fordi dei er basert på fritt og informert samtykke.

Pkt 11.3.2 – førebygging av bruk av tvang.

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at den viktigaste førebygginga av tvang handlar om kompetanse hos personalet og nok tid til kvar pasient.

Døme: Demente personar i sjukeheim

Fylkeseldrerådet i Hordaland vil i denne samanhengen minna om at bebuarar med demens i sjukeheim er ei sårbar gruppe. Demente personar kan utvikla angst og vrangførestillingar, bli deprimerte, forvirra og mistenksame, noko som kan gje dei ei kjensle av å mangla kontroll over eigen situasjon. Dette vert forsterka av at dei har problem med å hugsa og å uttrykkja seg. Alt dette går ut over evna til å halda fast på eigne ønskje og behov, og kan lett føra til verbal og fysisk motstand og aggresjon i situasjonar der pleiepersonell skal hjelpe dei med dagleg pleie og omsorg. Det er difor viktig at einingar med demente bebuarar har nok personale med kompetanse og kunnskap om å handsama slike situasjonar

Grensegangen mellom linjetenestene

Fylkeseldrerådet i Hordaland vil peika på at grensegangen mellom første og andre linjeteneste og grensegangen dei i mellom burde ha vore klarare i lovverket.

Vedlegg 1: Generell dissens

Omgrepet beslutningskompetanse

Beslutningskompetanse er eit problematisk omgrep på fleire måtar, slik mindretalet peikar på i sin generelle dissens (Vedlegg 1, side 808).

For finst det nokon - som i situasjonar som er aktuelle i spørsmål om tvang eller ikkje - kan avgjerda kven som har beslutningskompetanse og kven ikkje?

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at ein må byrja med å spørja om korleis ein kan unngå tvang, og kva som kan verta gjort for å leggja til rette for ar flest mogleg får nytta beslutningskompetansen sin fullt ut.

FN`s konvensjon om menneskerettigheter (CRPD)

Fylkeseldrerådet i Hordaland er på linje med mindretalet når det gjeld korleis FN`s konvensjon om menneskerettar skal tolkast når det gjeld menneske med nedsett funksjonsevne.

Forsvarleg fagleg skjønn.

Fylkeseldrerådet er samd med mindretalet i at omgrep som forsvarleg fagleg skjønn o.l. som grunnlag for avgjerder i enkeltsaker, gjev stort rom for forskjellshandsaming av enkeltpersonar hos dei som har avgjerdsmynde i ulike einingar (og kommunar).

Bruk av tvang i lukka system

Mindretalet peikar også på det problematiske i at tvangstiltak blir utøvd i lukka system med lite innsyn frå andre, som til dømes frå media.

KONKLUSJON

Fylkeseldrerådet i Hordaland sluttar seg til mindretalet sine merknader og generelle dissens om korleis ein kan unngå tvang.

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at i vedlegg 1, side 808, peiker mindretalet på svært viktige sider ved problematikken rundt tvang i helse- og omsorgstenesta.

Fylkeseldrerådet i Hordaland

Gunda Falao Sparre
leiar



Arkivnr: 2018/16480-146

Saksbehandlar: Marielle Solheim

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	82/19	07.11.2019

Evaluering av Haustkonferansen 2019

Samandrag

5. og 6. november arrangerer fylkeseldrerådet den årlege konferansen for kommunale eldreråd i Hordaland.

Fylkeseldrerådet vert no bedne om å evaluere denne konferansen, med tanke på

- fagleg innhald
- administrasjon av konferansen
- om det er tema frå konferansen fylkeseldrerådet vil arbeide vidare med/spele vidare til fylkeseldrerådet i Vestland

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Bertil Søfteland
leiar, fylkessekretariatet

Marielle Solheim
administrativ sekretær

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.



Arkivnr: 2018/16480-140

Saksbehandlar: Marielle Solheim

Saksframlegg

Saksgang

Utvål	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	83/19	07.11.2019

Årsmelding 2019 for fylkeseldrerådet i Hordaland, 2. utkast

Samandrag

Eldrerådslova (§ 8) slår fast at fylkeseldrerådet kvart år skal utarbeide ei melding om verksemda si og at denne skal leggjast fram for fylkestinget, og i følgje Hordaland fylkeskommune sitt [reglement](#) skal dette gjerast innan 1. juli. Som følgje av regionreforma og at valperioden går mot slutten, er det formålsteneleg å ferdigstille årsmeldinga mest mogleg på noverande tidspunkt. For å ta høgde for eventuelle tilføyinger i løpet av året vil årsmeldinga truleg verte handsama i det avsluttande fylkestinget for Hordaland 10.12.19.

2. utkastet til årsmeldinga ligg vedlagt. Denne er basert på 1. utkastet, behandla i møte 05.09.19 under PS 66/19, og dei endringane som vart diskutert i møtet. De vert bedne om å fokusere særskild på at informasjonen som skal vere med er teken med. Sjølve vedlegga vil verte lagt til ved eit seinare høve.


Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek årsmeldinga slik den ligg føre. Arbeidsutvalet får fullmakt til å gjere mindre endringar i ettermiddag, i form av eventuelle oppdateringar og tilføyinger.

Bertil Søfteland
leiar, fylkessekretariatet

Marielle Solheim
administrativ sekretær

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Årsmelding 2019

Hordaland fylkesråd

INNHOLD

SAMANDRAG AV ÅRSMELDINGA	4
KAPITTEL I	5
Fylkeseldrerådet – eit lovpålagt organ	5
Eldreråd – eit viktig talerør for dei eldre.....	5
KAPITTEL II	6
Fylkeseldrerådet i 2019	6
Samansetjing av fylkeseldrerådet.....	6
Budsjett	7
Representantar for brukarutvala i helseføretaka i Hordaland.....	7
KAPITTEL III	8
Deltaking på konferansar, kurs, og samlingar/seminar.....	8
KAPITTEL IV	9
Møte og saksområde 2019.....	9
Saker det har vore arbeidd særskild med	9
Rådsmøte, med utvalde saker.....	9
AU-møte.....	10
KAPITTEL V	11
VEDLEGG	11
I HØYRINGSUTTALE/ INNSPEL TIL SAKER.....	11
II PROGRAM FOR KONFERANSEN FOR DEI KOMMUNALE ELDERÅDA I HORDALAND	11
III PROGRAM FOR VESTLANDSKONFERANSEN	11
IV PROGRAM FOR LANDSKONFERANSEN FOR FYLKESKOMMUNALE ELDRERÅD.....	11

Samandrag av årsmeldinga

Årsmelding 2019 for fylkeseldrerådet i Hordaland gjev ei oversikt over aktiviteten til Hordaland fylkeseldreråd i 2019.

Kapittel I er ei innleiing der det blir informert om lovgrunnlaget for eldreråd, og at eldreråd er viktige organ både i fylkeskommunane og kommunane. Det vert gjeve informasjon om korleis rådet arbeider og at det har eige budsjett.

I kapittel II vert det gjort greie for korleis rådet er samansett og kva organisasjon dei ulike medlemmane representerer, samt at rådet er representert i brukarutval i ulike helseføretak. Det vert forklart korleis det vart endring av rådssamansetninga i mars månad, og det vert opplyst kva budsjett rådet har hatt til disposisjon.

Kapittel III gjer ei oversikt over konferansar, kurs og samlingar som fylkeseldrerådet har delteke på i 2019. To av konferansane har vore i regi av fylkeseldrerådet i Hordaland. I vedlegg II-IV finn ein program for konferansane.

Kapittel IV gjer ei opplisting etter dato for møta i rådet og arbeidsutvalet, og kva saker som er handsama i dei enkelte møta. Det vert gjeve oversyn over dei viktigaste sakene fylkeseldrerådet i Hordaland har handsama i 2019 og arrangement fylkeseldrerådet har delteke på eller sjølv arrangert. Program for desse arrangementa ligg som vedlegg bak i årsmeldinga. Rådet har vore særleg opptatt av kollektivtilbodet i Hordaland og Bergen: båt, buss og bane. Rådet har i 2019 gitt 11 uttalar til nasjonale og lokale høyringar som har omhandla saker som gjeld eldre, mellom anna om innføring av eit eige eldreombod, ny forskrift for kommunelova om eldreråd, seniorplan for Bergen kommune, sambuargaranti på sjukeheim, m.m. Rådet har kome med innspel om aktivitørfaget som opplæringstilbod, og manglande refusjonar for fotpleie for diabetikarar. Alle uttalane og innspela er lagt inn på slutten av årsmeldinga i eige vedlegg. Fylkeseldrerådet i Hordaland har i 2019 vore teken med i førebuingane til å verta Vestland fylkeskommune. Eit medlem har teke del i ei arbeidsgruppe under Fylkesmannen i samband med reforma «Leve heile livet.»

I kapittel V finn ein alle vedlegga til årsmeldinga:

- Vedlegg I er uttalar og innspel fylkeseldrerådet har kome med i 2019.
- Vedlegg II er programmet for Eldrerådkonferansen for dei kommunale eldreråda i Hordaland som Fylkeseldrerådet i Hordaland arrangerte i Bergen 5. – 6. november 2019.
- Vedlegg III er program for Vestlandskonferansen for fylkeseldreråda i Rogaland, Hordaland og Sogn og fjordane, og som fylkeseldrerådet i Hordaland var ansvarleg for i 2019.
- Vedlegg IV er program for Landskonferansen for fylkeseldreråd i Noreg, som vart arrangert av Telemark fylkeskommune i Skien 20. – 23. mai 2019.

Kapittel I

FYLKESELDRERÅDET – EIT LOVPÅLAGT ORGAN

Innføring av lovfesta eldreråd i kommunar og fylkeskommunar vart lovpålagt frå 1. januar 1992. Det har gjeve eldre personar auka medråderett i saker som vedkjem dei. Dette er i samsvar med FN sine prinsipp som vart vedtekne av FN i 1991. Følgjande punkt er tekne med under hovudområde deltaking:

Eldre skal vera integrert i samfunnet, delta aktivt i utforming og gjennomføring av politikken som direkte vedkjem deira velferd, og dele sine kunnskapar, sin dugleik og sine erfaringar med yngre generasjonar.

ELDRERÅD – EIT VIKTIG TALERØR FOR DEI ELDRE

Fylkeseldrerådet i Hordaland er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen og fylkeskommunale verksemder når det gjeld tilhøve som vedkjem eldre og eldre sine levekår. Det er difor viktig at rådet på eit så tidleg tidspunkt som mogleg, får innsikt i ulike saker som det vert arbeid med i fylkeskommunen og som vedkjem eldre, slik at rådet kan handsama sakene. Rådet kan også sjølv ta opp saker. Det vert difor lagt vekt på at sakshandsamarar og andre sentrale personar med jamne mellomrom får møta rådet. Rådet er glad for at ein har fått etablert eit godt samarbeid med dei ulike avdelingane i HFK når det gjeld informasjon og orienteringar til rådet.

Fylkeseldrerådet samarbeidar og har kontakt med dei kommunale eldreråda i Hordaland, og arrangerer kvart år ein konferanse med eldrefagleg innhald for dei kommunale eldreråda. I 2019 blei konferansen halden i Grand Hotel Termius 5. og 6. november. For program, sjå vedlegg II.

Eldrerådet si funksjonstid er fire år og følgjer fylkestingsperioden. Noverande eldreråd vart oppnemnd etter fylkestingsvalet i september 2015.

Saksdokument og møteprotokollar frå rådsmøta i fylkeseldrerådet er tilgjengelege på fylkeskommunen sin nettportal (<http://www.hfk.no>), likeeins som for politiske organ i fylkeskommunen.

Fylkeseldrerådet har sitt eige budsjett, noko som gjer det mogleg for rådet å samarbeida med dei kommunale eldreråda og andre fylkeseldreråd. Protokoll frå fylkeseldrerådet sine møte blir sendt elektronisk til dei einskilde kommunale elderåda.

Medlemmar i fylkeseldrerådet er representantar og vararepresentantar i brukarutvala i helseføretaka for perioden 2017-2019. Representantane gjer tilbakemelding til fylkeseldrerådet frå brukarmøta, og protokoll frå møta i brukarutvala blir sendt til fylkeseldrerådet.

Kapittel II

FYLKESELDRERÅDET I 2019

2019 – eit særskilt aktivt år

Fylkeseldrerådet har i 2019 hatt **XX** møte med sakshandsaming. Arbeidsutvalet (som består av leiar, nestleiar og sekretær) har hatt **6** møte med førebuing av saker og sakliste til rådet. Fylkeseldrerådet har i 2019, enkeltvis eller samla, delteke på fleire samlingar og konferansar, og har sjølv arrangert konferanse for dei fylkeskommunale eldreråda i Rogaland, Sogn og Fjordane og Hordaland, den såkalla Vestlandskonferansen. Denne konferansen vert arrangert årlig, og vertskapsrolla skiftar mellom dei tre råda. Fylkeseldrerådet i Hordaland har i 2019 gjeve uttale i mange nasjonale og lokale høyringssaker. Etter å ha blitt gjort merksam på urimelege reglar for refusjon av utgifter til fotpleie for diabetikarar, sendte fylkeseldrerådet i april brev til Stortinget sin komité for helse og omsorg og eldre- og folkehelseministeren om denne saka. Fylkeseldrerådet har i heile valperioden vore opptatt av transporttilboda Skyss gjer, samt reglane for TT-kort, som ligg under samferdsleavdelinga i fylket. Rådet har støttet Samferdsleavdelinga sine søknader om utvida TT-ordning. Rådet er glad for at Hordaland, på lik line med Sogn og Fjordane, har kome med i denne ordninga no som desse fylka skal bli eitt fylke. Fylkeseldrerådet sin leiar har etter initiativ frå Kontrollkomiteen i fylket blitt intervjuet om fylkeseldrerådet sitt arbeid med ordninga for TT-kort i Hordaland fylke, som ein del av revisjonen av denne ordninga, i regi av Deloitte.

Rådet sine svar på høyringar og andre uttalar er attgjevne i vedlegg I.

Rådet har vore representert i brukarutvala i Helse Bergen og brukarutvalet for Haraldsplass Diakonale Sykehus.

Politisk oppnemnde medlemmer i fylkeseldrerådet, Synnøve Solbakken og Inger Sjong, har vore kontaktar mot det politiske miljøet.

SAMANSETJING AV FYLKESELDRERÅDET

Rådet har sju representantar med personlege vararepresentantar. To representantar er politisk oppnemnde og fem er valde etter forslag frå fylkesomfattande pensjonistforeiningar.

For valperioden 2015 – 2019:

	Funksjon	Reprentarer	Vara
Kåre Ystanes*	leiar	PF	Gunvor Riim Opedal*
Gunda Falao Sparre*	nestleiar.	LOP	Svein Njåstad
Martin Monrad Reigstad*	medlem	PF	Eli Nordstad
Inger M. Lingjerde	medlem	PF	Kari Solberg
Odd Himle	medlem	SN-H	Egil Haaland
Gunvor Riim Opedal*	medlem	PF	Sjur K. Jaastad

Politisk valde representantar:

Synnøve Solbakken	medlem	FL A/SP/SV	Tore Svendsen m.fl.
Inger Sjong	medlem	FL H/FRP	Silje Hjemdal

*I møtet 14.03.2019 blei Gunda Falao Sparre vald til ny leiar etter at Kåre Ystanes hadde fått innvilga fritak frå vervet. Martin Monrad Reigstad blei samstundes vald til ny nestleiar. Kåre Ystanes sin vara, Gunvor Riim Opedal, kom inn som fast medlem med Sjur K. Jaastad som vara.

Sekretariat/sekretær

Fylkeseldrerådet har hatt møtesekretær/sakshandsamar/rådgjevar som er administrativt knytt til fylkeskommunen. Marielle Solheim har vore sekretær for rådet.

Arbeidsutval (AU)

Gunda Falao Sparre (nestleiar) og Marielle Solheim (sekretær for utvalet) fungerte som arbeidsutval (AU) for fylkeseldrerådet i perioden 01.01.2019 til 14.03.2019. Etter dette bestod AU av Gunda Falao Sparre som leiar, Martin Monrad Reigstad som nestleiar og sekretær Marielle Solheim.

BUDSJETT

Budsjett- og rekneskapsansvar for rådet er lagt til administrasjonen. Fylkeseldrerådet hadde i 2019 til disposisjon eit budsjett på kr. 500.000,- Budsjettet vart nytta til rådet sine møte, til eigne arrangement, og deltaking på eksterne arrangement.

REPRESENTANTAR FOR BRUKARUTVALA I HELSEFØRETTAKA I HORDALAND

Helseføretak

Helse Vest:
Helse Bergen:
Haraldsplass DS

Medlem

Sogn og Fjordane fylkeseldreråd
Inger Lingjerde
Gunda Falao Sparre

Vara

Rogaland Fylkeseldreråd
Martin Monrad Reigstad
Odd Himle

Kapittel III

DELTAKING PÅ KONFERANSAR, KURS, OG SAMLINGAR/SEMINAR

KONFERANSAR

1. Konferanse for dei kommunale eldreråda i Hordaland 5.-6.11.2019

Fylkeseldrerådet i Hordaland arrangerer kvart år ein to-dagars konferanse for dei kommunale eldreråda i Hordaland. Konferansen i 2019 gjekk føre seg på Grand Hotel Terminus i Bergen sentrum.

Program for konferansen: Sjå vedlegg II

2. Vestlandskonferansen 7.-8.05.2019

Fylkeseldreråda i Sogn og Fjordane, Rogaland og Hordaland har gjennom fleire år hatt eit regionalt samarbeid ved at dei har skifta på å vera vertskap for ein felles konferanse eller ein studietur. I 2019 var fylkeseldrerådet i Hordaland vert for konferansen, som vart halden på Solstrand Hotel og Bad i Os kommune.

Program for konferansen: Sjå vedlegg III

3. Landskonferansen for fylkeskommunale eldreråd 20.-22.05.2019

Det vert årleg skipa til ein landskonferanse for fylkeskommunale eldreråd. Eit av fylkeseldreråda i landet tek på seg arrangementet. I 2019 fann landskonferansen stad i Skien. Fylkeseldrerådet i Hordaland var godt representert på konferansen.

Program for konferansen: Sjå vedlegg IV

SAMLINGAR/SEMINAR/EKSTERNE MØTE

Einskildmedlemmar i fylkeseldrerådet har vore til stades på følgjande samlingar/eksterne møte:

- | | |
|---------------------|--|
| 21.01.19 | Fellesmøte for fylkeseldrerådet i Hordaland, Ungdommens fylkesutval i Hordaland, og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland, om førebuing til samanslåinga av Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune til Vestland fylkeskommune. |
| 13.3.19 | Felles samling for representantar i brukarutvala til sjukehusa i Hordaland |
| 28.-29.03.19 | Seminar for brukarutvala i Helse Bergen på Haukeland Universitetssjukehus. Inger Lingjerde og Martin Monrad Reigstad deltok. |
| 22.-23.08.19 | Samling for faste representantar i brukarutvala i Helse Vest. Inger Lingjerde, og Gunda Falao Sparre deltok. |
| 30.08.19 | Leiar for Fylkeseldrerådet, Gunda Falao Sparre, orienterte for Kontaktutvalet mellom innvandrere og styresmakter (KIS) om kva eit fylkeseldreråd er, korleis fylkeseldrerådet i Hordaland blir valt og er samansett, og kva rådet arbeider med og er opptatt av. |
| 21.02.19 & 05.08.19 | Reforma Leve heile livet
Fylkesmannen har hatt fleire samlingar for å gjennomføra reforma «Leve hele livet» sidan oppstarten i november 2018. Odd Himle har vore representant for fylkeseldrerådet i Hordaland i dette arbeidet. og har delteke i to samlingar. |

Kapittel IV

MØTE OG SAKSOMRÅDE 2019

Fylkeseldrerådet har i 2019 hatt **6** rådsmøte og handsama **fleire** større saker. Rådet har gjeve uttale til høringsframlegg og innspel i saker der dette har vore spurt etter. Rådet har også teke opp saker som det har fått kjennskap til ved brev og innspel til rådet. Rådet har også fremja saker som det har initiert sjølv. Arbeidsutvalet (AU) har hatt **6** møte .

SAKER DET HAR VORE ARBEIDD SÆRSKILD MED

- Informasjon om dei ulike saksfelta fylkeskommunen arbeider med ved at sakshandsamarar frå ulike avdelingar har halde orienteringar i fylkeseldrerådet.
- Diverse høringsvar og uttalar (sjå vedlegg I)
- Korrespondanse med Helse Vest om nye reglar for oppnemning av medlemmer til brukarutvala i helseføretaka.
- Samanslåinga av fylkeseldrerådet i Hordaland og fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane til Vestland fylkeseldreråd.
- Diverse saker med innspel til Skyss:
 - kollektivtrafikken: buss, båt og bane, og særskilt nedlegging av servicelinene i Bergen
 - omlegging av bussrutene i Nordhordland i samband med nye anbod
 - spørsmål om aldersvenleg transport
 - at fylkeseldrerådet må involverast tidlegare i saker om store ruteomleggingar
- Planlegging av Vestlandskonferansen (regionalt samarbeid mellom fylkeseldreråda i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane.)
- Årsmelding 2019

RÅDSMØTE, MED UTVALDE SAKER

17.01.19

- Status for Vestlandskonferansen - vidare arbeid med program
- Møte med administrasjonen - medverknadsorgana sin moglegheit til å påverke samanslåingsprosessen
- Andreutkast til årsmelding 2018
- Invitasjonar til orienteringar under FYEL-møte mars 2019
- Høyring - ny forskrift om råd for eldre, for personar med funksjonsnedsetting og for ungdom.
- Utvida TT-ordning

14.03.19

- Folkehelseundersøking i Hordaland 2018 - resultat og vidare bruk
- Høringsvar - ny forskrift om råd for eldre, for personar med funksjonsnedsetting og for ungdom
- Aktivitørfaget som fagskuleutdanning
- Høyring - NOU 2018:16 - det viktigaste først (prioriteringar i tannhelse-, helse-, og omsorgstenestane)
- Høyring - forslag til endring av forskrift om stønad til dekking av utgifter til fysioterapi m.m.

11.04.19

- Høringsvar - Eit eldrevennleg Bergen - Seniorplan for Bergen kommune 2019 - 2024
- Høringsvar - Felles anleggs- og tildelingspolitikk for spelemidlar til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020-2024
- Brev frå FYEL om aktivitørfaget som fagskuleutdanning
- Arbeidet med nytt reglement for medverknadsorgana
- Høringsvar - NOU 2018:16 - det viktigaste først - prioriteringar i tannhelse-, helse-, og omsorgstenestane

- Høyringssvar - Forslag til endring av forskrift om stønad til dekking av utgifter til fysioterapi m.m.
- Økonomisk støtte til medisinsk fotterapi

19.06.19

- Intervjureferat frå forvalningsrevisjonen av TT-ordninga i HFK
- Tilbakemelding på høyringssvara til Seniorplanen til Bergen kommune
- Budsjettstatus for FYEL og utgifter til Vestlandskonferansen
- Invitasjon til presentasjon av FYEL i Kontaktutvalget mellom innvandrere og styresmakter
- Høyring - NOU 2019:10 - Openheit i grenseland

05.09.19

- Høyringssvar NOU:10 2019. «Openheit i grenseland»
- Høyringssvar om namn på haldeplassar og tunnelar langs Bybanen til Fyllingsdalen
- Høyringssvar til forslag til endringar i helsepersonellova § 29 c
- Høyring - utvidelse av rettighetsbestemmelsen om brukarstyrt personleg assistanse for bestemte personar over 67 år

07.11.19

- Høyringssvar Endringar i forskrift om ein verdig eldreomsorg – sambuargaranti
- Høyringssvar Lov om Eldreombodet
- Høyringssvar NOU 2019: 14. Tvangsavgrensingslova

05.12.19

- Årsmelding 2019

Møtedatoar, sakliste og protokoll for dei ulike politiske organa i Hordaland fylkeskommune kan ein finna på hfk.no.

AU-MØTE

- | | |
|-------------------|--|
| 02.01.2019 | Førebuing til rådsmøte 17.01.19 |
| 26.02.2019 | Førebuing til rådsmøte 14.03.2019 |
| 27.05.2019 | Førebuing til rådsmøte 19.06.2019 |
| 16.07.2019 | Førebuing til rådsmøte 05.09.2019 |
| 19.09.2019 | Eldrerådskonferansen 2019 Sluttarbeid før utsending av program |
| xx.11.2019 | Førebuing til rådsmøte 5/12-2019 |

Kapittel V

VEDLEGG

I HØYRINGSUTTALE/ INNSPEL TIL SAKER

Fylkeseldrerådet har i 2019 mellom anna gjeve uttale/ innspel i følgjande saker:

HØYRINGSSVAR

- I. Høyringssvar – forslag til forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd
- II. Høyringssvar – Seniorplan for Bergen kommune 2019-2024
- III. Høyringssvar til Felles anleggs- og tildelingspolitikk for spelemidlar til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2010 – 2024
- IV. Høyringssvar – Forslag til endringar/justeringar i forskrift om stønad til dekning av utgifter til fysioterapi m.m.
- V. Høyringssvar til «Det viktigaste først» Prioritering i helse- og omsorgstenesta, mellom anna tannhelsetenesta
- VI. Høyringssvar til namn på haldeplassar og tunnelar langs Bybanen til Fyllingsalen.
- VII. Høyringssvar til NOU 2019:10 - Openheit i grenseland
- VIII. Høyringssvar - utvidelse av rettighetsbestemmelsen om brukarstyrt personleg assistanse for bestemte personar over 67 år
- IX. Høyringssvar: Endringar i forskrift om ein verdig eldreomsorg - sambuargaranti
- X. Høyringssvar Lov om Eldreombodet
- XI. Høyringssvar NOU 2019: 14. Tvangsavgrensingslova

INNSPEL

1. Fotpleie for dei som har diabetes.
Uttale sendt til Helse- og omsorgsdepartementet, Stortinget sin helse- og omsorgskomite, og til eldreforvaltninga og folkehelseministeren.
2. Innspel til Opplæringsavdelinga om aktivitørfaget som fagskuleutdanning.

II PROGRAM FOR KONFERANSEN FOR DEI KOMMUNALE ELDERÅDA I HORDALAND

III PROGRAM FOR VESTLANDSKONFERANSEN

IV PROGRAM FOR LANDSKONFERANSEN FOR FYLKESKOMMUNALE ELDRERÅD

Vedlegg I

UTTALAR OG INNSPEL 2019

Vedlegg II

**PROGRAM FOR KONFERANSEN FOR DEI KOMMUNALE ELDERÅDA I
HORDALAND**


BERGEN 5-6. NOVEMBER 2019

Vedlegg III

**PROGRAM FOR VESTLANDSKONFERANSEN
OS, 7.-8. MAI 2019**

Vedlegg IV

**PROGRAM FOR LANDSKONFERANSEN FOR FYLKESKOMMUNALE ELDRERÅD
SKIEN, 20.-22. MAI 2019**



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregående opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Arkivnr: 2018/16480-141

Saksbehandlar: Marielle Solheim

Saksframlegg

Saksgang

Utvat	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	84/19	07.11.2019

Forskningsprosjekt om aldersvennlege omgjevnadar - invitasjon til open dag

Samandrag

Senter for omsorgsforskning, vest, ved Høgskulen på Vestlandet, er med på eit internasjonalt prosjekt som har fokus på aldersvennlege omgjevnadar. Kort prosjektomtale på norsk ligg vedlagt, og utfyllande informasjon finnast på [prosjektet si heimeside](#) (direktelenke). Det vil dessutan vere ein introduksjon til dette prosjektet på andre dag av Haustkonferansen.

Det internasjonale forskarteamet skal på feltbesøk til Bergen i veke 50. Måndag 09.12.19 arrangerer dei open dag, der det internasjonale teamet kan møte ulike interessentar. Fylkeseldrerådet er inviterte til denne opne dagen, både som deltagarar, og dessutan til å halde eit innlegg.

Fylkeseldrerådet vert no bedne om å ta stilling til (1) kven som skal ta del på open dag, og (2) kven som eventuelt skal halde innlegg. Merk at innlegget, og mykje av dialogen, må vere på engelsk.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding, men det vert understreka at dette ein god mogleik til å formidle korleis og med kva fylkeseldrerådet arbeider, samt utveksle erfaringar og innspeil.

Bertil Søfteland
leiar, fylkessekretariatet

Marielle Solheim
administrativ sekretær

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Imagining Age-Friendly «communities within communities» International Promising Practices

Prosjektet Imagining Age-Friendly «Communities within Communities»: International Promising Practices, er et 7-årig prosjekt (2017-25) ledet av York University i Toronto og støttet av kanadisk forskningsråd (SSHRC), og som har fokus på aldersvennlige omgivelser. Som tittelen indikerer vil vi ikke bare ha fokus på eldre som enkeltindivider, men også på grupper og fellesskap av eldre. Alderdom, heterogenitet og ulikhet knyttet til faktorer slik som kjønn og kjønnsrelasjoner (også LBGT+), etnisitet, (tidligere) yrkestilhørighet og sosioøkonomisk bakgrunn vil også vektlegges i prosjektet. Fokuset på aldersvennlige omgivelser vil ikke utelukkende være på eldre, selv om eldre og alderdom vektlegges mest, men også på at aldersvennlige omgivelser innebærer gode omgivelser for mennesker i alle aldre, og at aldersvennlige omgivelser for eldre også avhenger av gode møteplasser og fellesarenaer på tvers av generasjoner. Tematiske hovedområder er:

1. Politikk, politikkutforming og systemer,
2. Omgivelser, design og teknologi,
3. Tilnærming til aldring, og,
4. Omsorgsrelasjoner.

Senter for omsorgsforskning, vest, representerer Norge, sammen med NOVA (OsloMet) i dette prosjektet som, foruten Canada og Norge, involverer Danmark, Australia og Taiwan. Ut fra tidligere feltbesøk i Bergen kommune i 2014, knyttet til et nå avsluttet 8-årig multinasjonalt prosjekt der sykehjem var i fokus og som også var ledet av York University, er Bergen spesielt ønsket med, både knyttet til nåværende satsing og erfaringer og fremtidige planer knyttet til aldersvennlige omgivelser. I den grad aldersvennlige omgivelser er et tema i kunnskapskommune-samarbeidet er det også interessant for oss å få kjennskap til utveksling av kunnskap og erfaringer der. Feltbesøket er planlagt å finne sted i desember 2019 og over en periode på 7-10 dager, med et internasjonalt forskerteam på 15-20 personer involvert. Prosjektet har særlig søkelys på bysamfunn. Bergen er en av 12 byer som er valgt ut som spesielt interessante for prosjektet og eneste norske by som er tenkt med.



Arkivnr: 2018/16480-149

Saksbehandlar: Marielle Solheim

Saksframlegg

Saksgang

Utvat	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	85/19	07.11.2019

Invitasjon til innlegg på regional samling for utviklingssentera i vest

Samandrag

18. og 19. november er USHT (utviklingssenter for sjukeheim og heimetenestar) i Førde, USHT i Fonna/Haugesund, USHT i Stavanger og USHT i Bergen samla på hotell Augustin i Bergen sentrum saman med Senter for Omsorgsforskning, Fylkesmannen og KS.

På denne regionale samlinga er det ynskjeleg å sette fokus på brukarmedverknad, og fylkeseldrerådet i Hordaland, ved leiar, er invitert til å halde eit innlegg på 10 minutt om brukarmedverknad, og då meir spesifikt om korleis fylkeseldrerådet ynskjer å medverke.

Program for konferansen ligg vedlagt.

Fylkeseldrerådet vert no bedne om å vurdere om fylkeseldrerådet skal stille med innlegg på denne samlinga, kven som skal stille, og dessutan om det er noko særskild de ynskjer å formidle.

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet, ved leiar, stiller med innlegg på samlinga.

Bertil Søfteland
leiar, fylkessekretariatet

Marielle Solheim
administrativ sekretær

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.



Regional samling for utviklingssentrene i vest

Tid: 18. og 19.nov 2019

Sted: Hotell Augustin, www.augustin.no

Mandag 18.nov

12.00	Velkommen v/ Kari Sunnevåg,
12.15	Status fra hvert av utviklingsentrene - hovedaktiviteter og stab
13.15	Lunsj
14.15	Fylkesmannen: Hvor viktig er samarbeidet med utviklingsentrene?
14.45	KS: Hvilke samarbeidsarenaer bør utviklingsentrene være på?
15.15	Pause
15.30	Senter for omsorgsforskning, vest: Samarbeid og oppfølging med sentrene - Hvordan?
16.00	Slutt for dagen



Kl 18.00 er det 20 års Jubileumsmiddag for USHT i Hordaland på Nøsteboden med inviterte gjester og eget program.

Tirsdag 19. nov

08.30	<p>Brukermedvirkning: Hvordan ønsker vi å medvirke?</p> <p>Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne: Kjell Søvik</p> <p>Fylkeseldrerådet:</p> <p>FFO: leder Vibecke Magnus?</p> <p>Helse Bergen: Slik gjør vi det v/samhandlingsleder Grethe Lill Hjartnes</p> <p>Diskusjon om tiltak/handling</p>
10.00	<p>Pause</p>
10.15	<p>Oppdeling i parallelle samlinger</p> <p>Demensomsorgen</p> <p>Pasientsikkerhetsprogrammet</p> <p>Utviklingshemming</p> <p>Leve hele livet, herunder Universell utforming</p>
11.15	<p>Pause</p>
11.30	<p>Veien videre for Utviklingssentrene</p>
12.15	<p>Lunsj</p>



13.00	Veien videre for Utviklingssentrene fortsetter
14.00 – 14.30	Oppsummering og vel hjem



Arkivnr: 2018/16480-143

Saksbehandlar: Marielle Solheim

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	86/19	07.11.2019

Leve heile livet-konferansen i Bergen

Samandrag

Fylkesmannen i Vestland og regionalt støtteapparat for Leve heile livet-reforma inviterer til konferanse 03.12.19 på Scandic Flesland Airport hotell. Invitasjonen ligg vedlagt. Program og meir informasjon er tilgjengeleg på [fylkesmannen sine nettsider](#) (direktelenkje).

Sjølve konferanseprogrammet er gratis å delta på, men deltagarar må sjølve dekke utgifter til dagpakke og gjere dette opp med hotellet, samt ev. reise og overnatting. Av invitasjonen er det noko uklårt om dagpakke er obligatorisk, men Fylkesmannen opplyser at det er vanleg å ha dette. Prisen for dagpakke hos Scandic Flesland Airport hotell i Bergen er 590 kroner.

Påmeldingsfrist er 15. november.

Dersom det skal nyttast av fylkeseldrerådet sitt budsjett for å dekke deltaking på denne konferansen bør de fatte vedtak om kven som skal delta og kva kostnadar dei skal få dekka.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Bertil Søfteland
leiar, fylkessekretariatet

Marielle Solheim
administrativ sekretær

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.



Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vår dato:

11.09.2019

Vår ref:

2019/585

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon

Anne Eli Wangen, 5764 3165

Invitasjon til konferanse om Leve hele livet

Korleis skal vi planlegge for eit aldersvenleg lokalsamfunn, og korleis skal vi skape samarbeid og samskaping mellom frivillig arbeid, næringsliv og kommunar? Dette er tema for Leve hele livet-konferansane som Fylkesmannen i Vestland inviterer til, saman med regionalt støtteapparat.

Bli med 28. november 2019 i Førde eller 3. desember 2019 i Bergen!

Målet med konferansen er

- å vere ein møteplass for ulike aktørar som ønskjer å bidra i arbeidet med gjennomføring av kvalitetsreforma Leve hele livet
- å skape engasjement og begeistring for reformarbeidet
- å vere ein stad for informasjonsutveksling og erfaringsdeling

To hovedtema

Vi legg opp til parallelle og plenumssesjonar. Det vert også sett av tid til myldring og paneldebatt. Innhaldet i dei to konferansane blir det same. Dette blir hovedtema:

- Planlegging av aldersvenlege lokalsamfunn.
- Samarbeid og samskaping mellom frivillig arbeid, næringsliv og kommunar.

Målgrupper

Frivillige organisasjonar, representantar for næringslivet og ansvarlege for planarbeid i kommunar og fylkeskommunar er hovudmålgruppe for konferansen. Vidare er brukarorganisasjonar, pårørandrepresentantar, politikarar, rådmenn, andre leiarar i kommunar og fylkeskommunar og tilsette i kommunale helse- og omsorgstenester også målgruppe. Representantar frå helseføretak, universitet og høgskular, vidaregåande skular og andre interesserte er også velkomne til å delta.

Program og påmelding

Program vert lagt ut på [Fylkesmannen i Vestland](#) sine nettsider når dette er klart. Der vil de også finne påmeldingsskjema til konferansane. Konferanseprogrammet er gratis å delta på. Eventuelle utgifter til overnatting og utgifter til dagpakke må deltarane betale sjølv og gjere opp direkte med hotella.



Påmelding er bindande, og påmeldingsfristen er sett til **15. november 2019**.

Konferansen i Førde

Tid: 28. november 2019 **Stad:** Scandic Sunnfjord hotell & Spa, Førde.

Pris for dagpakke: kr. 545,00

[Her vil du finne lenke til påmelding til konferansen i Førde.](#)

Konferansen i Bergen

Tid: 3. desember 2019 **Stad:** Scandic Flesland Airport hotell, Flesland.

Pris for dagpakke: kr. 590,00

[Her vil du finne lenke til påmelding til konferansen i Bergen.](#)

Vel møtt!

Med helsing

Helga Arianson
fylkeslege

Anne Eli Wangen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Arkivnr: 2018/16480-147

Saksbehandlar: Marielle Solheim

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	87/19	07.11.2019

Svar frå Haraldsplass DS om nattransport av eldre frå sjukehus til kommune

Samandrag

I møte 19.06.19 vedtok fylkeseldrerådet å sende brev til helseføretaka for å forsikre seg om at det ikkje førekjem pasienttransport av eldre på nattetid frå sjukehus til heimkommune.

Brevet, datert 10.07.19 og tilgjengeleg under RS 21/19, vart sendt til Helse Bergen, Helse Vest, Helse Fonna, og Haraldsplass diakonale sykehus (HDS). Helse Vest og Helse Bergen har svara. Svaret frå Helse Vest vart teken til orientering, og under PS 72/19 vart det vedteke å sende påminning til HDS og Helse Bergen om at det er ynskjeleg med svar. Påminning, datert 18.09.19, ligg vedlagt. Under PS 72/19 vart det og ytra forslag om å formidle til Helse Fonna og Helsedepartementet at fylkeseldrerådet ikkje er nøgd med svaret frå Helse Fonna. Det vart ikkje røysta over dette forslaget.

HDS diakonale sykehus har no svara fylkeseldrerådet, og de finn svaret vedlagt.

Fylkeseldrerådet vert no bedne om å vurdere om de skal følgje opp svaret frå HDS, eller om det skal takast til orientering.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Bertil Søfteland
leiar, fylkessekretariatet

Marielle Solheim
administrativ sekretær

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 18.09.2019

Vår ref.: 2018/16480-136

Saksbehandlar: marsolh

Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Påminning: Ynskjer svar på brev om pasienttransport om natta

10.07.2019 sendte fylkeseldrerådet i Hordaland brev til dykk om pasienttransport frå sjukehus til heimkommune på natta; sjå vedlagte kopi av brevet.

Vi ba om snarleg svar, slik at svaret kunne verte handsama i rådet sitt møte 05.09.2019. Fylkeseldrerådet har ikkje fått svar på brevet.

Fylkeseldrerådet i Hordaland skal ha sitt neste møte 07.11.2019. Vi vonar å få svar i god tid før denne datoene, slik at svaret kan bli lagt fram i nemnde møte.

Gunda Falao Sparre
leiar
fylkeseldrerådet i Hordaland

Vedlegg

- 1 Pasienttransport av eldre frå sjukehus til heimkommune på natta



Fylkeseldrerådet Hordaland Fylkeskommune
Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen

Deres ref.: 2018/16480- 106
Saksbehandler: marsolh

Haraldsplass
Diakonale Sykehus

Tlf: 55 97 85 00
hds@haraldsplass.no

Besøksadresse:
Ulriksdal 8 5009 Bergen

Postadresse:
Haraldsplass
Diakonale Sykehus
Postboks 6165 5892 Bergen
www.haraldsplass.no

Tilsvar på pasienttransport av eldre fra sykehus til kommunen på natten

Først av alt må vi beklager at vi ikke har besvart deres henvendelse tidligere.

Etter gjennomgang av tallgrunnlaget vårt, der vi så på utskrivelser av pasienter i perioden 01.01.2018 – 31.12.2018 og i tidsrommet midnatt til kl 05:00, for pasienter i alder 75 år og eldre med utskrivelse til hjemmet, sykehjem eller annen helseinstitusjon. Det skiller mellom pasienter som er inneliggende i ti timer og mindre og pasienter som er inneliggende i ti timer eller mer.

Pasienter som er inneliggende ti eller færre timer, kaller vi for de «snudde pasientene» i akuttmottaket og er ofte pasienter med lav alder som ønsker kortest mulig liggetid i akuttmottaket. Denne pasientgruppen drar hjem etter eget ønske, også gjerne mitt på natten.

Videre gjennomgang av tallgrunnlaget for pasienter med ti eller flere timer, etterfulgt av gjennomgang av pasientjournaler viser at ingen pasient har blitt sendt til eget hjem eller sykehjem fra HDS i 2018 i tidsperioden midnatt til kl 05:00.

Haraldsplass tilstreber gjennomførte legevisitt på sengepostene innen kl 12, slik at utreiser blir avklart tidlig, med faktisk utreise mellom kl 11 og kl 15. Utfordringer rundt transporten (forsinket drosje eller forsinket ambulanse) kan føre til at vi ikke alltid klarer å overholde dette målet.

Derimot ønsker ikke Haraldsplass å sende pasienter hjem med ti eller flere timer liggetid hjem eller til sykehjem midt på natten, så sant ikke pasienten ønsker dette selv. Våre vurderinger om å sende pasienten hjem eller på sykehjem er basert på tverrfaglig kompetanse, god kommunikasjon med kommunene (via PLO), kommunikasjon med pårørende der det er nødvendig og ikke minst skjønn. Vi er opptatt av å ha god dialog, kommunikasjon og samhandling med kommunene for pasientene. Det at vi ikke hadde noen slike tilfeller i 2018 er et godt bilde på at dette ikke er en utfordring hos oss.

Med vennlig hilsen

Rebekka Ljosland
Samhandlingssjef
Haraldsplass Diakonale sykehus